



# møte:plassen

Eit magasin frå Undheimkyrkja

Tenn lys for  
himmelkongen  
Som gjeterflokkenså  
Nå møtes jord og himmel  
I barnet lagt på strå



Gildt å bu  
på Undheim  
side 4 - 5

Nyttig  
informasjon  
side 12 - 13

Seks 90-åringar  
i Undheimsokna  
side 16 - 20

# La Gud ta del i den tiden du har nå

Verden vi lever i nå, består av bekymringer, stress, tidspress osv. Vi skal gjennom alt, og vi strekker ikke til, og dermed er vi ikke gode nok. Alle lever vi i en hektisk hverdag. Det er forventninger til oss på jobb, skole, fritidsaktiviteter, venner som vil henge med deg og familie som vil ha litt av tiden din. Og du, ja du skal bare strekke til på ALT! Du skal ha de beste karakterene, ei god lønn som kan forsørge familie, være best på fritidsaktiviteter og ikke minst ha tid til venner og familie. Klarer du ikke alt dette, da er du ikke god nok!

I den siste tida, ha jeg tenkt mye på ordet «tid», hva bruker jeg tida mi på? Vi har alle 24 timer i døgnet, det skal bli brukt på alle hverdagslige og nødvendige ting som matlagning, klesvask, husarbeid osv. Oftest har vi gjerne litt tid til overs, og den bruker en gjerne på familie og venner. Det er flott å bruke tida si på dette, men hvor er Gud?

«Vær stille for Herren og vent på ham» står det i salme 37:7. Har vi noen gang tid til det? En ungdom i dag og gjerne du også kjenner på det, å ta det med ro, det går ikke. Du har alltid noe å gjøre og det å slappe av det finnes det ikke tid til. Hvordan kan du da være stille for Herren og vente på ham?

For to år siden flyttet jeg til Trondheim for å starte på bibelskole, jeg ønsket å sette av et helt år sammen med Gud. Vi lærte mye om hvem Gud er, han ser oss og lytter til oss, men han ønsker også å vise oss noe. Da er det viktig at vi setter oss ned og lytter til ham.

Det var ikke før året etter bibelskolen jeg begynte å tenke, hvor er Gud egentlig i mitt liv? Hvor er Gud egentlig i ditt liv? Tiden vil nok aldri strekke til, i alle livets faser vil en finne noe annet som tar oppmerksomheten. Men vi trenger Gud i dag! Du trenger Gud i dag! Så selv om livet er hektisk og tiden ikke strekker til, så la ikke Gud bli en som kommer på siden. La han være med deg hver dag, og i livets mange gjøremål.

Kanskje har du litt tid til overs nå som pandemien herjer, bruk gjerne den tiden sammen med Gud, lytt til ham! Og om du ikke er en av de som har så mye tid til overs så ta med deg Gud inn i din hverdag. Du kan be i bilen, høre lovsang, lese et bibelvers før du legger deg, høre podcast når du gjør husarbeid, er bare noen tips. Gjør det som passer deg best.

Hadde døgnet hatt flere timer, ville du brukt de på Gud? Det tror jeg ikke, så la Gud ta del i den tiden du har nå!

Eline Fosse



# møte:plassen

4 - 2020

15. årgang

UTGJEVAR:  
Undheim sokneråd

REDAKTØR:  
Steinar Sandvik  
tlf. 400 07 909  
GRAFISK UTFORMING:  
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:  
Steinar Sandvik  
Laila Undheim  
May Brit Merland Arnø  
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:  
Møteplassen  
Time kyrkjekontor  
Pb 373  
4349 Bryne

E-POST:  
[nyheitsblad@gmail.com](mailto:nyheitsblad@gmail.com)

INTERNETT:  
[www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)  
[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

TRYKK:  
Jærprint, Bryne  
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD  
KONTONR. 3290.57.20723  
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto fra Pixabay.com



# Min julesang

En krybbe var vuggen som ventet ham her,  
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.  
Men stjernene lyste helt inn der han lå,  
det lille barn Jesus, på leiet av strå.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.  
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.  
Han kom fra Guds himmel,  
Gud selv var han lik,  
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.

Fra krybben til korset gikk veien for deg,  
slik åpnet du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,  
så alle kan samles i himlen hos deg!

Norsk salmebok nr 56  
T Amerikansk 1885 (v.1)/  
Eivind Skeie 1979 (v.2-3)  
M William J. Kirkpatrick 1895



Denne julesongen har blitt meir og meir kjær for meg dei siste åra. Cjennom arbeidet med 4-åringar og gudsteneste saman med dei 1. sundag i advent, har denne songen fått sin faste plass. Når 4-åringane kjem inn i prosesjon, med kroner på hovudet, er dei kongsbarn. Dei er prinsar og prinsesser hos Gud og Jesus er den store kongen. Då vert det eit paradoks at denne kongen kjem til jord som eit lite barn i ein stall. Han får ei krybbe til vugge, sjølv om han hadde fortent å få ei flott seng på kongen sitt slott. Men Jesus er annleiskongen som gjetarar og vismenn fekk tilde.

Gud sjølv kjem enkelt og stille til våre jord som eit lite barn. Utan pomp og prakt, utan mykje oppstyr og mediedekking. Dei færraste i Betlehem viste at Gud sjølv kom til jord i ein enkel stall den natta. Verdens Frelsar kjem alltid enkelt og stille til deg og meg, i ei skjør stillheit eller ei stille susing. Gud trenger seg aldri på oss men kjem stille og tilbyr sitt nærvær, sin fred og sin nåde.

Ingen annan julesong har så kort veg frå julefortellinga til påskefortellinga som En krybbe var vuggen har. «Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til

himlen for meg.» Det vesle barnet som blei lagt i ei krybbe, kom til vår jord med ein hensikt, å opne ein veg til Gud for alle menneske.

«Så enkelt og stille kom Gud til vår jord. Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.

Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik, men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.»

Med ønske om ein god og fredfull jul til dykk alle.

May Brit Merland Arnø



# TRIVS GODT PÅ UNDHEIM

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Familien Good har funne seg godt til rette på Undheim.  
Ellinor Good med to-åringen Anna på fanget og  
far Tage Emil Good saman med Neah.

For vel to år sidan flytta familien Good til Undheim.  
Og her har dei funne seg godt til rette.

Sommaren 2018 gjekk flyttelasset frå Kristiansand til Undheim for Ellinor og Tage Emil Good og dei to barna Neah som no er 5 år og Anna, no 2 år.

– Kvifor fall valet på Undheim?

– Eg hadde fått jobb som lærar på Jærtun Lutherske friskule på Bryne, og vi sjekka litt rundt i området for å finne ein god plass å bu. Og det fann vi her Skjærpevegen her på Undheim, fortel Tage Emil og legg til at det økonomiske også var eit moment i valet av bustad.

## MIDT IMELLOM

Kona Ellinor legg til at Undheim ligg midt mellom plassane ho og Tage Emil vaks opp.

– Eg vaks opp på Helleland, medan Tage Emil kjem frå Sandve i Sandnes. Frå Undheim til dei to plassane er det rundt ein halv times køyring. Dermed er vi ganske nær begge familiene som betyr mykje for oss, seier Ellinor.

Ellinor og Tage Emil hadde hørt godord om Undheimbygda. Dei opplever Undheim som ei bygd med engasjement på ulike område.

– Men vi måtte også sjekke litt før vi endeleg bestemte oss, smiler ekteparet.

## LÆRAR OG FRIIDRETT

Tage Emil har sin faste arbeidsplass på Bryne ved Jærtun – eit arbeid han trivst godt med. Særleg set han stor pris på møta med elevane. Han tok lærarutdanninga i Kristiansand og har faga KRL (Kristendom, Religion og Livssyn), kroppsøving og norsk. I tillegg til lærarutdanninga har han studert ved Misjonshøgskulen i Stavanger.

Han har funne seg godt til rette i friidrettsgruppa i bygda. Lange løp er det han trivst mest med – stort sett 10 kilometer. I yngre år var han aktiv i fotball, på gutelaget til Sandve.

– Eg har aldri sprunge lengre enn halvmaraton i nokon konkurranse, smiler han og legg til at det er fredeleg å bu her.

Ellinor er heimeverande med dei to barna. Familien har valt å halde barna heime og ikkje i barnehage. I februar ventar dei barn, ein gut, og familien blir på fem.

## GODT FOR BARNA

– Førebels har vi ikkje engasjert oss så mykje i bygda, seier Ellinor og legg til at ho er med barna i open barnehage, søndagsskule, Supermix og på barnetrim.

– Eg synest tilboda til barna er gode, og våre barn trivst

godt med sine aktivitetar. For min del går mykje av dagen til barna, men eg får tid til å dyrke ein av mine store hobbyar, nemleg strikking – noko eg lærte av mor då eg var ganske liten.

### YNDESTRIKK

Saman med venninna Kristine Urdal i Kristiansand står ho bak Yndestrikk – som driv med strikkedesign. Så langt har dei gitt ut eit strikkehefte, og eit nytt er planlagt i november. No sit ho i sofakroken med eit stikk i hendene. Dette skal bli babyteppe til guten som kjem i februar.

– Vi lagar strikkeoppskrifter, mest for barn, men også litt for vaksne. Så langt har vi rundt 15.000 følgjarar på Instagram. Og selskapet veks, det same gjer omsetnaden, fortel Ellinor som håper at dei kan utvide endå meir. I allfall får dei gode tilbakemeldingar frå andre strikkelade.

### TRIVELEG PLESS

Både Ellinor og Tage Emil er sterkt knytta til familiene på Helleland og i Sandnes. Difor vert det ein god del kontakt med dei, men dei opplever Undheim som ei triveleg bygd med stort engasjement. Familien er glade for dei fine turområda rundt Undheim.

– Det er fredeleg å bu her, noko som skaper trivsel og gir ro i sjel og sinn. Saman med ungane er vi ofte på tur, og her er det kort veg til mange turmål. For oss er Sælandskogen og området opp langs Urådalen ei perle, seier Tage Emil og legg til at familien kjenner meir og meir at Undheim er ein god plass å bu og vekse opp på.

Og ikkje minst synest dei at det er godt gjort å få til så mange og gode aktivitetar for både små og store i ei så lita bygd.



*Ellinor Good er ivrig med strikkepinnane. Saman med ei venninne driv ho nettsida Yndestrikk med både oppskrifter og design.*

## Velkommen inn

Når tilsette i kyrkja er anbefala å ha heimekontor igjen, har May Brit prest igjen flytta sitt «heimekontor» til kyrkja.

Tysdag, onsdag og torsdag vil kyrkja stort sett vera open.

Skilt med Open kyrkje blir sett ut og DU er hjarteleg velkommen til å koma inn, tenne lys, sitje stille i kyrkjerommet eller slå av ein prat med presten.

Når dette skiltet står utanfor kyrkja, er sokneprest May Brit Merland Arnø på plass.



# Supermix på adventskalender

**1. desember opnar**  
**første vindauge i digital**  
**adventskalender. Barnekor**  
**frå Time syng seg gjennom**  
**adventstida.**

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Eitt av kora som er med på den digitale adventskalenderen er Supermix. Midt i november var det full førejulstemning i Undheim kyrkje. Då var opptaket med Supermix teke opp.

## NY SONG KVAR DAG

Trusopplærar Ragnhild Hanssen fortel at det er kor og songarar frå Bryne,

Lye og Hognestad i tillegg til barnekoret frå Undheim som skal syne seg gjennom adventstida.

Rundt 60 songarar er med på opplegget.

- Kvar dag gjennom heile adventstida presenterer kora ein ny julesong. I alt vert det 24 songar, seier Hanssen.
- Songutvalet varierer frå gode og gamle, kjende julesongar til nokre nyare. Kvar søndag vil songen «Tenn lys» med eit nytt vers for kvar søndag. Denne songen vert framført av Supermix, og fire av songarane frå koret terner lys.

## KYRKJA SI NETTSIDE

- Dette skal vere ei oppleveling for barna som er med, og det viktigaste er at dei skal ha det gildt, seier Ragnhild Hanssen. Ho opplyser at songane vert publiserte på kyrkja sine nettsider. Også skular vil legge den digitale adventskalenderen ut på sine heimesider.

Dette året vert det ikkje dei vanlege skulegudstenestestene i førjulstida.



*Her er dei yngste songarane i Supermix under innspelinga. Bak frå venstre: Astrid Berge, Antonette Årdal, Johanna Høiland, Annemari Årdal Helland, Pål Simen Undheim og Susanne Bø Svindland (delvis skjult). Framme frå venstre: Olea Undheim, Bente Vestly, Marie Bleskestad og Judith Taksdal.*



- Som kyrkje ønskjer vi å bidra med noko i adventstida. Dei eldste i Supermix skal syng eitt vers av songen «Tenn lys» kvar søndag. Dei er først ute når første luke i kalenderen vart opna søndag 1. desember. Dei yngste i Supermix bidrar med songen «Gull, røkelse og myrra», fortel Ragnild Hanssen og legg til at at Lucia-dagen 13. desember vert markert med ein Lucia-song.

*Her er den eldste gruppa i Supermix i full gang med innspeling av den digitale adventkalenderen. Bak frå venstre: Tora Eikeland, Live Årdal Helland, Floortje Gerritsen, Sarah Mæle-Kommedal, Synne Haugen og Lillian Mossige. Framme frå venstre: Sina Årdal Helland, Madelief Gerritsen, Erica Fuglestad Pedersen, Olivia Høiland og Mina Hafver.*



## Konfirmantar i Undheim kyrje 27. september 2020

3. rekke, bak frå venstre: Roald Rasmussen, Nils Ole Fosse, Sigvart Fosse, Helge Gullestad Fosse, Stina Tunheim Lye, Nils Antoni Alimpoos Ueland og Jone Risa.

2. rekke, frå venstre: Kateket Ingfrid Time Nærland, Kristian Undheim Rosland, Helena Haugstad Risa, Ingebjørg Tjåland, Bjørg Risa, Elias Wefring Undheim, Morten Wefring Fosse, Julie Sikveland Vigre og sokneprest May Brit Merland Arnø.

1. rekke, framme frå venstre: Alma Eikeland, Victoria Akinyi Oyamo, Anette Fossfjell, Ingeborg Christine Undheim-Bauge og Alexandra Fjelde.

(Foto: Rein Hansen)

## Arbeid på Undheim



**Namn:** Norin Salte Undheim

**Alder:** 62 år

### Kvar jobber du?

– I heimesjukepleien i Time kommune.

### Kva gjer du?

– Eg drar heim til folk som treng meir eller mindre hjelp for å kunna

bu heime så lenge dei ynskjer. Det er mange ulike gjeremål som hjelp til dusj, stell, medisinar mat og andre ting. Eg er og med i kommunen sitt Hukommelseteam som er retta mot personer med demens.

### Korleis har du det på jobb?

– Eg har det som ofta veldig gildt, synest jobben er svært spennande, sjølvstendig og variert. Fint med litt bilkøyring og flotte naturopplevelingar i tillegg, og kanskje særlig når eg er på veg opp til den grøna bygda vår.

– Dei aller fleste brukarane som dei vert kalla, er veldig takknemlige for å få hjelp av oss, og eg, synest arbeidet er meiningsfylt. Eg set pris på den nære kontakten eg ofte får. Har flotte kolleger i alle aldrar og me har eit godt arbeidsmiljø der me støttar kvarandre og dreg lasset saman.

### Kva forhold har du til Undheimkyrkja?

– Eg synest kyrkja vår alltid er ein god plass å koma til. Eg er og med i DeKor som har øvingane her. Husker eg var litt «øvegidde» av det gamle kapellet då eg kom til bygda i 1981. I Orrebygda, som eg kjem frå, var nok kyrkja litt annleis. Så eg synest nok det var ekstra stas då me fekk dette flotte kyrkjebygget. Sjølv om det var etter ein trist brann, så vart det flott til sist. Har og gode minne frå byggjeperioden då me var med på å laga mat til den fantastiske dagnadsgjengen.

### Korleis trur du det er å bu på Undheim om 10 år?

– Med denne utrulige utviklinga som har vore, særlig dei siste 10-20 åra vil eg tru det vert like flott som nå å vera Undheimsbu. Dersom me tek vare på samhaldet og på den gode dagnadsånda her, vil det vera ei trygg og god bygd for både unge og eldre.

# UKUF i idrettshallen

Tekst og foto: Eline Fosse

**Lørdag 24. oktober braka det løs i hallen då rundt 30 ungdommer og voksne møtte opp på UKUF.**

Vi var så heldige å få besøk av vår «gamle» prest, Per Børge Hillestad, som hadde tatt med seg Nils Garborg Reiten, Erling Undheim og Rune Rasmussen, for å dele noen ord med oss om bønn og hvordan de selv opplever det å være kristen.

Etter møtet var det tid for 50-leken, hvor det ble delt opp i ulike lag for så å kjempe om å komme først til 50. Det var lagt ut ulike lapper inne i hallen med oppgaver som skulle løses og terning som måtte trilles for å komme til 50. Konkurranse-instinktet slo inn hos flere og det var høyt tempo, med quiz, trening og litt sang.

Etter 50-leken kunne en være med på boblefotball. Det ble delt opp i alder for kamp. Mens de som ikke ønsket å spille kunne handle i kiosken og spille basketball/kanonball.

En kjekk kveld med gode ungdommer.



Grunnet smittesituasjonen som nå har økt igjen, så vi oss dermed nødt til å måtte avlyse UKUF, og vi kommer dessverre til å måtte holde steng til 6. desember nå i første omgang, men håper på en juleavslutning 19. desember. Følg gjerne med på facebook, instagram og snapchat for oppdateringer om UKUF.

# – Meiningsfullt arbeid mellom ungdommane

Tekst: Asle Steinbru - Prosjektleiar Ung i Time

I august 2019 byrja eg i stillinga som prosjektleiar Ung i Time. Det har vore utfordrande og kjempespennande å få lov til å vere med å legge til rette for ungdomsarbeid i Time (Lye), Bryne og Undheim sokn. Varierte dagar, seine kveldar og stadige omstillingar er ein normal når ein skal arbeide med ungdom, men har blitt ekstra tydeleg dette året.

Også i skrivande stund merker me dette ekstra godt då me igjen er inne i ein periode der ungdomsarbeida våre ikkje kan arrangerast som normalt, og eg igjen sitt på heimekontoret. Heldigvis er ikkje dette normalen. Til vanleg er eg så heldig at eg får dele kontor med ungdomsarbeidarane Martin som er knytta til ungdomslaget Varden på Lye og Eline som er knytta til UKUF.

## SER UNGDOMMANE

I førjulstida i fjor var det ei som sa til meg at eg burde ta kontakt med ei som heiter Eline Fosse. Dette var ei Undheims-jente som hadde vore aktiv i UKUF, som hadde flytta for å gå på bibelskule og var no eittåring på ein vidaregåande skule utanfor Trondheim.

Eg møtte Eline i romjula på ein kafé på M44. Me hadde ikkje snakka lenge saman før eg forstod at dette var ei jente med kloke tankar og ein brann for ungdommane på Undheim. I tillegg så var det som om draumane og idéane hennar berre kunne skli rett inn i tankane bak Ung i Time prosjektet. Det var lett å sjå føre seg ho som ein del av eit team saman med meg og Martin.

Hausten har jo vore, slik som store delar av 2020, prega av pandemien som har råka verda. Trass dette så er eg imponert over korleis Eline har bretta opp ermane og sett løysningar. Gjennom å følgje henne opp og fått vere med på ein del av samlingane på UKUF blir eg audmjuk i møte med Eline. Ho har hatt god



Asle Steinbru (arkivfoto)

kontroll på smittevern og utfordingane som har møtt ho. Men det finaste har vore å sjå korleis ho skapar ein god atmosfære å vere i og måten ho ser ungdommane som kjem.

## SAMARBEID

Eit viktig element i prosjektet Ung i Time er at sokna skal samarbeide på tvers, det er derfor ekstra stas at UKUF og Lye sitt ungdomslag Varden dette året planlegg nyttårsseiring saman. Eit element som også har blitt viktig for å knytte dei forskjellige sokna saman har vore samlingar kalla Puls. Dette er samlingar for unge vaksne frå første vidaregåande. Her er det fokus på det sosiale og å gå litt djupare i Bibelen ved temabasert undervisning og samtale. Puls trur eg er svært viktig og kjem til å helda fram som eit viktig tilbod i åra framover.

## RIKT VELSIGNA

Min arbeidskvardag består av mange forskjellige element. Alt i frå koordinering, møte frivillige, følge opp Martin og Eline, trekke i trådar framover, samtalar, undervisning, smittevern, andaktar og vere med på å gjennomføre ein del av dei etter kvart mange forskjellige treffpunkt ungdommane har i dei tre sokna våre og endå fleire ting kunne blitt nemnt. Variasjonen, jærsk ungdom, Jesus, utfordingane, gledene, alt gjer at eg kjenner meg rikt velsigna i arbeidet.

Eg elskar jobben min og eg kjenner meg privilegert som får lov til å gjere nettopp det eg gjer! Det er meiningsfullt å få vere med å legge til rette for at ungdommane våre har ein trygg plass i kyrkja. Ein plass som er deira, der dei kan få vere seg sjølve, undre seg, kjenne på fellesskap og bli kjent med han som søker dei og elskar dei.

Ein  
plass  
som er  
deira, der dei  
kan få vere seg  
sjølve, undre seg,  
kjenne på fellesskap  
og bli kjent med han som  
søkjer dei og elskar dei.



# Lys vakne og aktive ungar

Tekst: Steinar Sandvik

**Meir enn 30 Lys Vaken-deltakarar avslutta oppleget med gudsteneste i Undheim kyrkje.**

– Dei påmelde starta Lys Vaken opphaldet laurdag 24. oktober klokka 17 og runda av programmet etter gudstenesta søndag føremiddag. Mange foreldre og søskjen, men også vanlege kyrkjegjengjarar hadde funne vegen til kyrkja denne føremiddagen. Og dei fekk vere med på ei gudsteneste der barna stod for den aller største delen av innhaldet.

## DEN LAMME REISTE SEG

Sang, drama, tekstlesing og lystening hadde deltakarane øvt inn i løpet av laurdagskvelden og føremiddagen søndag. Og resultatet var både flott og gripande for dei som sat i salen. Noko av det som gjorde sterkt inntrykk var formidlinga av dagens bibeltekst frå Lukas-evangeliet.

Nokre menn kom gåande. Dei bar ein lam mann på båre. Men det var så mykje folk at dei kom ikkje inn. Difor gjekk dei opp på taket og fira mannen ned framfor Jesus. Jesus tala til mannen og sa «Reis deg. Ta båra

Den lame mannen (Rebekka Idland) reiser seg opp. Frå venstre med ryggem til salen Fredrik Schluess og Adrian Oddane. Floortje Gerritsen (Jesus med kvit kappe). Frå altaret mot høgre Rebekka Bjørkmo, Kristoffer Yti, Herborg Håland, Mai Eshter Thivoeng og Aisha Abdillai. Tordis Sandvik (bak). Foto: Steinar Sandvik



Arbeid i gruppe. Frå venstre i gul t-skjorte: Marie Risa, Tora Eikeland, Ruth Oline Fosse, Adrian Oddane, Jorunn Ueland, Magnus Undheim og Sven Tjåland. (Foto: Frode Skårland)

**Lys vaken**  
handlar om å vere  
**lys vakne**  
for det som skjer  
rundt oss,  
**lys vakne**  
for oss sjølve,  
for kvarandre og  
for Gud...



Her er heile Lys Vaken-gruppa samla saman med trusopplærar Ragnhild Hanssen.  
Foto: Frode Skårlund

di og gå heim.» Den lamme mannen reiste seg, gjekk heim og lovprisa Gud.

Framfor alteret i Undheim-kyrkja vart den lame mannen boren fram, og han kunne reise seg til stor glede for alle som var rundt han.

#### AKTIVE BARN

– Noko av det viktigaste i ei slik samling er at deltagarane er aktive. For meg var det kjempekjekt at ungane var mykje med i gudstenesta, fortel Ragnhild Hanssen som er trusopplærar. – Deltakarane i år var frå Time og Undheim sokn, altså Hognestad, Lye og Undheim skulekrinsar.

Ragnhild fortel at tidlegare var Lys Vaken-opplegget delt opp i fleire samlingar. Men no er det berre ei helgesamling med overnatting i kyrkja.

Ved midnatt skulle alle vere i seng. Kyrkjesalen var soveplassen for dei vel tretti deltagarane og nokre av

leiарane. Etter frukost søndag morgen var det øving til gudstenesta.

Kvar av deltagarane fekk ei gave, det Nye Testamentet i meir moderne språk.

– Målet med samlinga er at barna som alle går i 5. klasse, skal finne ut kven Jesus er. Lys vaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss, lys vakne for oss sjølve, for kvarandre og for Gud. Og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss, seier Ragnhild Hanssen.

... og ikkje minst at

**Gud er lys vaken for oss!**



Her avsluttar Lys Vaken barna gudstenesta med songen: «Du er dyrebar, aktet høyt og elsket av meg». Foto: Steinar Sandvik

# NYTT FRÅ KYRKJESTYRET

## DRIFSAVTALEN MED TIME KYRKJELEGE FELLESRÅD

Som sikkert dei fleste veit, har kyrkjestyret ein driftsavtale med Time kyrkjelege fellesråd. Avtalen er frå 2005, og har fungert godt så langt. Likevel ser me at den ikkje beskriv godt nok fordeling av diverse utgifter som me ikkje såg for oss tidlegare.

Saman med kyrkjeverjen har me starta arbeidet med å utforma ny avtale der me legg vekt på å spesifisera/klargjera betre kva utgifter kyrkja har ansvar for, og eventuelt fordeling mellom kyrkja og fellesrådet. Det kan for eksempel gjelde utgifter til utvendig og innvendig vedlikehald av huset, serviceavtaler og reparasjonar og andre ting.

## LYS

Det meste av utlysa ved parkeringsplassen, rundt kyrkja og lysa opp mot hovuddøra er oppgradert med LED lys.

Styret har og sendt søknad til Time kyrkjelege fellesråd i samband med Time kommune sin økonomiplan om støtte til nye hovedlys (LED lys) i kyrkjesalen. Dette skal handsamast i kommunestyret i desember i år.

## NY STEINGARD

Styret har og bestemt å renovera steingarden mellom nedre parkeringsplass og Solvor Egeland sin eigedom. Fotland Maskin og Torbjørn Reime AS skal stå for arbei-



det som til saman er rekna å kosta ca. 90,000 kroner. Me har søkt Sparebankstiftinga Time og Hå om støtte. Går dette i orden, kan me truleg starta arbeidet tidleg neste år.

Året 2020 har grunna koronasituasjonen vore vanskeleg, også for styret som skal drifta kyrkjebygget. Avbestilling av planlagde arrangement har redusert inntektene, medan utgiftene stort sett er dei same. Likevel er me heldige som har ein økonomi som me ennå kan «tæra» på. Men dersom nokon har ynskje om å støtta drifta av kyrkja, kan ein gje via Vipps med nr. 621924 «Undheim kyrkje og bedehus».

## AVBESTILLINGAR

Grunna det som er nemnd ovenfor er det avlyst to konserter. 22. november «Jul i Stova», og 11. de-

Kyrkjestyret har søkt Sparebankstiftinga Time og Hå om støtte til å renovere steingarden mot Solvår Egeland sin eigedom. (Foto: Torvald Tjåland)

sember «Nashville Sound og Green Sax».

Jorunn Undheim sin konsert 22. desember går førebels som planlagt. Ho legg opp til 2 konserter same kvelden, med maks.100 personer på kvar førestilling.

Dette vart bestemt for lengre tid sidan då det etter smittevernreglane var lovleg med så mange. Kva som er smittevernråd den 22. desember er ikkje godt å seia, men med dagens reglar med maks 50 må man nok gjera om på kor mange som kan møta på kvar konsert. Kanskje denne og vert avbestilt, ikkje veit eg i skrivande stund.

**Torvald Tjåland**  
**Leiar i kyrkjestyret**

## KONTAKTINFO:

Sokneprest: May Brit Merland Arnø	467 94 518
Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårlund	489 97 102
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø	980 28 690
Avtale tid for dåp eller vigsel: Time kyrkjecontor:	51 77 03 77
måndag - fredag: 09:00 - 14:00	

## Bøn og forbøn

Står du i ein spesielt vanskeleg situasjon, eller noko du ynskjer forbøn for? Vi er eit forbedar-team på 6 personar som vil be for situasjonen. Alt kan vera anonymt, og vi har teieplikt. Send SMS eller ring Tordis Sandvik 915 72 880 eller Hanne Brit Sandmark 996 26 157

# Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

## INFORMASJON OM JUL I 2020

Slik situasjonen er nå, kan me ikkje seia sikkert korleis julefeiringa blir, men det me kan seia sikkert, er at me veit kor du kan finna den mest oppdaterte informasjonen om korleis julefeiringa i kyrkja på Undheim blir.

**HEIMESIDA VÅR:** er den beste staden å finna informasjon. Du kan sjå i kalenderen kva som skjer på huset. Endringar i sentrale arrangement vil me opplysa om på framsida vår. ([www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no))

**INFOSKJERMEN:** Dei som har lasta ned «Infoskjermen app» vil få varslar om viktige endringar i planane. Du kan òg gå inn og finna informasjon i sjølve appen. Du lastar ned infoskjermen på Google Play eller App store. Skriv inn koden KQ3QJ6.

**FACEBOOK:** Noko informasjon vil stå her, men ikkje alt.

**TELEFON:** Om du ikkje har tilgang til Internett, kan du ringa til kyrkjekontoret (51770377) eller dagleg leiar (48997102) for å få informasjon. I dei periodane det er strenge smitteverntiltak, vil kyrkja vera meir open på dagtid. Sjå etter reklamebukken som står utanfor.

## LOKAL GRUNNORDNING

På oppdrag frå biskopen arbeider soknerådet og gudstenesteutvalet med å revidera den lokale grunnordninga for gudstenestene våre. Vår lokale grunnordning er regelen for korleis våre gudstenester skal vera. Det skal vera kyrkjelydsmøte etter gudstenesta 24. januar om dette før me tek dei endelege vala på kva me vil søka om å få godkjent. På heimesida vår er det ei lenke til ei side på nettet kor du kan høyra liturgisk musikk som me kan velja mellom. Dette er faste musikalske ledd i gudstenesta.

## VIL DU VERA MED Å BIDRA TIL EI LEVANDE OG AKTIV KYRKJE PÅ UNDHEIM?

Me er veldig takknemlege for alle som gir av si tid for at Guds rike skal få merkast på Undheim. Alle som allereie er med i arbeidet skal ha fått ein e-post kor dei blir spurt om kva dei vil vera med på til våren, og når og kor ofte dei kan tenka seg å delta. Viss du er med i eit arbeid, eller har lyst til å bli med, men ikkje har fått e-posten, er det fint om du gir beskjed til dagleg leiar på e-post [frode.skarland@timekyrkja.no](mailto:frode.skarland@timekyrkja.no). Du kan senda melding eller ringa til 48997102 om du ikkje har e-post.

## OPPDATERING OM GIVARTENESTE

Soknerådet budsjetterte med 500 000 kr i givarteneste for 2020. I 2019 kom det inn 356 050 kr. Til og med oktober har me fått inn 238 750 kr, så me ligg an til å landa på rundt 300 000 kr viss me ser på korleis inntektene var fordelte i 2019. Dette er langt under budsjettet. Me treng fleire som vil vera med og sørga for at me kan oppretthalda aktiviteten me har i dag. Sidan me har tilsett ungdomsarbeidar i 30% stilling, er utgiftene våre auka med ca 130 000 kr (litt mindre enn halvparten i 2020 sidan oppstart var i august).

## MISJONSPROSJEKTET VÅRT I TSJEKKIA

Tsjekkia er råka hardt av COVID 19, så der arbeider dei med digitale løysingar. Som eit alternativ til den store haustkonferansen dei vanlegvis har, arrangerte dei ein online-festival som dei kalla for ReCharge (lad opp igjen), og dei hadde fire hovudpunkt: 1. Lev i tru, 2. Naviger forbi hindringane, 3. Utnytt moglegitetene maksimalt og 4. Vis veg. Du kan lesa nyhetsbrevet frå oktober på heimesida vår (det står på engelsk).



# KRIGSMINNE FRÅ MOR SI DAGBOK

Tekst: Steinar Sandvik

Foto: Frode Skårlund

**Onsdag 21. oktober var den første Laust og fast-samlinga etter koronautbrotet i mars. Det vart eit gripande møte med Åslaug Rommetveit sine dagbøker frå krigsåra.**

Mange såg fram til møtet i Laust og fast. Rundt 50 møtte opp og benka seg i god korona-avstand. Her var det som vanleg god stemning og god sang leia av Terje Vold. I desse tider har det ikkje vore vanleg med matservering, men kvar enkelt hadde med si eiga nistepakke. Dermed vart samlinga både sosial og trygg.

## 16 ÅR

Mange av dei frammøtte kjende seg godt att i skildringane Åslaug Rommetveit hadde skrive i dagbøkene sine frå krigsåra. Og dei som ikkje hadde opplevd okkukasjonstida, vart djupt gripne då dottera Marit Staveland delte mora sine opplevelingar.

Åslaug Rommetveit var fødd i 1924, og fylte 16 år berre eit par veker før krigsutbrotet. Då hadde ho akkurat byrja å skrive dagbøker. Det heldt ho fram med gjennom alle dei fem krigsåra.



Marit Staveland las frå mora Åslaug Rommetveit sine dagbøker frå krigen.

## LEVANDE FORTALT

Her er nokre av skildringane frå dagboka til Åslaug Rommetveit som i aprildagane i 1945 gjekk det første året på gymnasiet med klasserom i 1900-huset. Det var optimisme i dagboka frå dei første aprildagane. Men det snudde fort.

Tysdag 9. april 1940: «Å, du gru koss me stokk då tyske fly for over huset vårt. Eg kom på skulen og fekk veta at fleire byar var hærsette av tyske troppar. Ingen skule i dag.»

Fire veker seinare (6. mai 1940) skriv Åslaug om rasjonering på sukker, kaffi og mjøl sidan november



1939. «Men frå i dag tek me nye kort på mjøl, brød, erter og gryn i bruk. Viss me har pengar i banken, ja, så får me bare ta ut 50 kr. veka kvar.»

10. september 1940 fortel Åslaug om nye forbod kvar dag. «I dag var det forbod mot sal av nybaka brød.

6. og 7. september var alle manufakturforretningane stengde for vareopptak. Då dei opna i går, var både sko og klær rasjonerte på kort. Folk gjør opprør på mange vis. Straffa vert bare hardare og hardare.»

## GRAVDE NED DAGBØKENE

På årsdagen etter invasjonen skriv ho: «Eit år er gått – Eg frys bare eg ser datoën.»

I juli 1941: «I nabolaget vårt var det husundersøking..... Eg finn det klokast å pakka desse dagbøkene mine inn i oljelerret og spa dei ned under epletreet i hagen. Eg har nok skreve eit og anna som kvalifiserer til straff»

Slik skildrar Åslaug 10. mars 1942: «Aldri, aldri skal eg gløyma denne dagen! Det kom rundskriv til gymnaset i går. Krav om ting lærarane må gå med på viss dei vil halda fram i skulen. Alle 8 lektorane våre var samde om ikkje å godta krava. Dei mistar arbeidet og me 125 elevar er utan skule. Me vart kalla saman i «Brakkå». Styraren vår, Haugstveit las opp brevet. Det var blikkande stille i salen. Me var lamma. «Lat oss syngja «Gud signe Noregs land» før me går frå kvarandre», sa han. – Tårene trilla. – Lærarane har gitt oss eit godt føredøme på sterke handlekraft i ei vanskeleg tid.»

20. mars 1941: «Lærarane våre er fengsla», skriv Åslaug.

17. mai 1943: Me skulle vore russ i dag, Men, alt slikt er strengt forbudt med straff. Vannari heile russetida viss me bare fekk fred i landet.

I dagboka frå 31. juli 1944 fortel Åslaug om stort bryllaup på Orre. «Låvegolvet var strødd med såpespon, så dansen gjekk lystig. I ei slik sommarnatt gløymer du nesten all elendighedå for ei stund.»

30. september 1944 var ein stor flokk ungdommar samla heime hos Åslaug som skriv: «Når me kjem saman slik med blindingsgardinane nede deler me nyheter,

syng mykje, les «ulovlege» dikt o.l.»

31. oktober 1944: «Dagbøkene mine må gravast ned igjen. Tida er i aller høgaste grad kritisk for oss alle. Å, om me kunne bli berga frå undergang – me er verkeleg redde. Ber om fred kvar einaste dag.»

## BREV

I januar 1945 fortel Åslaug at ho har hatt besøk av ei gammal mor. «Ein gong i månaden kjem ho i same ærendet. Ho stod der, stakkar, med 1 kg havregryn. Ein liten klump margarin var lurt inn midt i posen. Sonen hennar sit i krigsfangenskap i Tyskland. Det brevet ho kan leggja i pakken må vera skreve på tysk, for skuld sensuren. Det er det ho må ha hjelp til. – A, du kor bitte liten du kjenner deg i slike stunder, saman med folk som må gjennomgå dette fryktelege å ha sine nærmeste i fengsel langt borte.»

## FLAGG TIIL TOPPS

Så kjem 1. mai. «Kan det vera sant?. Det må vera sant. Krigen er slutt. Handa skjelv...»

4. mai: «Så var det ikkje sant likevel.»

6. mai: «Dagstøtt nye rykter om krigsslutt. Folk feirer freden på forskot. Somme dristar seg til å heisa flagget.»

7. mai: «Flagga går påny til topps, prøvande liksom.»

8. mai 1945: «Den største dagen i verdshistorien føler eg. Det er mest for mektig til å vera verkeleg. Det er på ein måte ei namnlause gleda, for ho rømer så uendeleig mykje forskjellig. Heller ikkje kjennest ho lik for alle.»

## DUGNAGSFOLK

Sidan Laust og fast starta opp etter at den nye kyrkja på Undheim vart teken i bruk, har det vore faste samlingar – tre om hausten og fire om våren – den tredje onsdagen i månaden.

– Då Undheim kyrkje vart bygd, var det mykje dugnadsarbeid, fortel Åslaug og Torstein Tunheim som har vore med i Laust og fast-arbeidet heile tida. – Vi serverte mat til dugnadsfolka. Og då kyrkja var ferdig, måtte vi finne på noko nytt. Då vart det Laust og fast som framleis er svært populært.

Ein fast stab står bak arrangementa. I dag er det Åslaug og Torstein Tunheim, Marit og Amund Undheim, Solveig og Hermund Lende som står i spissen for arbeidet.

– Kari og Oddvar Egeland var med som pådrivarar og gjorde ein stor innsats i arbeidet, men no ønskjer dei å trappe ned, seier Torstein som også nemner at Torunn Tunheim har vore aktivt med. I tillegg er det ei rekke andre frivillige som stiller opp.

Åslaug og Torstein fortel at dei har planlagt nye samlingar. I november vart Laust og fast avlyst på grunn av korona-situasjonen.

– Men vi har klare planane for heile 2021, smiler Åslaug Tunheim.

*Godt frammøte med god korona-avstand på Laust og fast si samling i oktober.*



# Til saman er dei 540 år

**Seks Undheimbuar,  
fem menn og ei kvinne, rundar 90 år i 2020.  
Her fortel dei om livet og kva som er viktig for dei.**

**Tekst og foto: Steinar Sandvik**

Eg har møtt alle på heimebane i si eiga stove der det er trygt og godt. For meg har møta vore ei gáve der vi har prata saman, og der jubilantane har fått delt frå eit langt og rikt liv. Takk til kvar og ein som delte så raust frå sine liv – ein rikdom vi alle kan bere med oss vidare.

Alle seks har fått dei same spørsmåla. Dei seks jubilantane vert presenterte etter alder.

1. Kvar vaks du opp?
2. Korleis var det å vekse opp tidleg på 1930-talet?
3. Hadde du faste plikter i heimen?
4. Kva gjorde du på fritida?
5. Kva med skulegang?
6. Har du nokre spesielle minne frå krigen?
7. Kva arbeidde du med?
8. Korleis fann du ektefellen? Barn og familie?
9. Korleis er dagane no?
10. Kva er det viktigaste for deg i dag?



**Torstein  
Tunheim fødd  
22. april 1930  
Gift med  
Aaslaug  
f. Årrestad,  
nyleg flytta  
til Bryne**

**1.** – Eg vart fødd på Tunheim, nær skulen, og her vaks eg opp saman med foreldre og besteforeldre. Eg er eldst og har ei yngre søster. Garden vår vart kalla «Naddå», men det har døydd ut.

**2.** – Dei eldre på garden er noko eg minnest godt. Dei samlast for å fortelje nytt, noko som var interessant for oss ungar. Dette er noko som har forma meg. Bestemor var ein sentral og viktig person i heile bygda. Ho hadde matstell og ansvar for kaffikoking på formsamlingshuset. Torstein vart tidleg kalla «Tjuge». – Det var Torger Sikveland som gav meg det namnet, Han gjekk mykje hos oss. Då han kom køyrande inn i gardsrommet, møtte eg ofte han. Då sa han: «Der kjem Torsten Tjugeskjegg». Og slik vart eg kalla «Tjuge» som seinare har blitt «Tjugen».

**3.** – Det som fanga meg var å få vere med på garden. Særleg sau og avlsarbeid, eg fekk ansvar og kunne engasjere meg. Elles følgde eg med i det som skjedde. Mellom anna kvar mandag då mannskoret hadde øving og songarane sykla syngjande nedover til lærarbustaden hos Torleiv.

**4.** – Sommarane var fine og vi bada mykje i Tjensvol-skogen der vi stemde opp bekken. Men også i Stemmen på Undheim. Der heldt eg på å drukne. Eg bada i Stemmen og flaut gjennom ein kanal. Ein hoppa uti og fekk meg i land. Først då eg låg på trappa til Handelslaget kom eg til sans og samling.

– Elles var eg med på søndagsskule og Yngres i kapellet. Det var ein samlingsplass for mange. Her lærte vi mange songar, mellom anna «Nå lukker seg mitt øye» og «Jeg er liten».

– På forsamlingshuset var eg med i losjearbeidet.


**5.** – Det var ikkje gildt å byrje på skulen. Mange flinke elevar i klassen. Dei litt større erta dei yngste. For meg var ikkje det godt.

**6.** – Ja, særleg då fleire på Tunheim vart mobiliserte. Det gjode stort inntrykk på meg og dei på garden. Eit kompani tyske soldatar overnatta på kapellet. Dei skulle til Tjåland, og vi venta på at det skulle bli trefningar. Fly fauk lågt over landet. For oss eit sjokk, men samstundes var det også forvite.

– Offiserar tok inn privat og skulle overnatte. Bestemor måtte flytte ut av kammerset.

– Fredsdagane hugsar eg godt. Vi hadde flagg på kjerrene, til og med hestane sprang ekstra gildt den dagen.

**7.** – I 1952 kom eg til Kverneland fabrikk som fjøsmeister og seinare gardsstyrar. Dei 12-13 åra ved fabrikken var ei rik tid. Men i 1964 var det heim til Tunheim for å ta over garden. Det var vondt å bryte opp frå Kverneland. No skulle jordbruket løftast. Det skapte ei kolossal optimisme i landbruket. Då eg var 62 år, tok eine dottera over garden der vi hadde både mjølk, gris og sau. På denne tida tok eg utfordringar i organisasjonslivet samstundes som eg hadde arbeid på garden.



**Arne N. Undheim**  
**fødd 3. august 1930**  
**Gift med Magni f. Garborg,**  
**bur på Årrestad**

**1.** – Eg vart fødd i heimehuset der barnebarnet Kim bur no. Jordmora var Karen Lende som køyrd rundt i bygda med hest. Vi var ni søskener, og eg var eldst. Då eg var fem år døydde bror min Alv i ei ulukke, han var tre år gammal.  
– Enno står hendinga levande for meg. Han ramla ned og kom under ein stokk som var lagt opp for kyrne. Eg veit akkurat kvar eg stod då dei sa han var død.

**2.** – Slik eg hugsar det var det forskjellig frå gard til gard. For nokre stod det svært dårleg til, men eg kan ikkje hugse noko naud hos oss. Garden vår var ganske liten med fire kyr. Far gjekk rundt som

**8.** – Eg trefte Aaslaug på forsamlingshuset, og det var ikkje lange vegen til Årrestad her ho budde. Vi vart vel kjærestar då eg var rundt 20.  
– Saman fekk dei tre jenter som alle bur på Jæren. Vi har sju barnebarn og fire oldebarn.  
– Vi har valt å flytte frå Tunheim til Bryne. Det var eit langt steg å ta. Her kjenner vi på ro og fred. Når vi kjem inn dørene her er det som om veggane seier velkommen inn. Men enno er det utfordringar på Undheim, og det er gildt.

bygdeslaktar, og han vart også med i kommunalt arbeid, mellom anna som ordførar.

– Då eg var litt større måtte eg opp kvar morgen og stellte i fjøset før eg gjekk på skulen.

**3.** – Vi var mange i familien, noko som ikkje var uvanleg då. Og då låg det i korta at eg skulle ta over. Difor fall det naturleg at eg tok jordbruksutdanning ved Tveit i Nedstrand. Det var to gilde år.

– Eg var aldri fast bunden til gardsarbeid før etter folkeskulen. Då vart det meir ansvar, men far var veldig fleksibel.

**4.** – Om vinteren var det ekstra gildt. Då gjekk vi på skeiser i hølen der elva gjekk før, og på ski når det var snø. I bakkane på Taksdal hadde vi hopprenn. Der kunne vi hoppe 10 meter. Sommarstida var det helst fotball i Taksdalmarka, ein gong slo vi Frøyland 8-0. Og vi brukte vegen sombane når vi slo ball. Elles likte vi godt å bade i åna.

– Eg minnest godt både søndagsskule og Yngres i kapellet og Losjen i forsamlingshuset på Tunheim. Der var det også basar med fulle hus.

**5.** – Då eg byrja på skulen, var eg sjuk. Eg vil nok helst seie at eg var eit mobbeoffer som vart erta fordi eg var liten og snar til å grine. Det var tungt i småskulen, men i storskulen vart alt betre.

**9.** – Dagane blir korte. Vi får vere med på noko heile tida. Enno ser eg framover, heldigvis. Difor går dagane så fort. Og så kan eg ikkje takke nok for eit godt helsevesen.

**10.** – Det viktigaste eg fekk inn i barneåra, var gjennom Yngres. Det lever i meg. Og eg er glad for dei som har minna meg om livet. Eg har enno noko å sjå fram til.

**6.** – Tyskarane låg rundt i hagane og øvde. 9. april kom brått på oss med fly som kom lågt over Jæren. Det var 3-4 fly i lufta heile tida, og vi hørde drønn frå bombene.


– På slutten av krigen vart det snakka meir ope, mellom anna at folk hørde på radio. For oss var fridomsdagen 7. mai, ikkje 8. Vi hadde ikkje flaggstong, men dei små flagga kom opp.

**7.** – Vi forpakta gard i Vennesla, og kom i 1960 heim til Årrestad for å ta over garden. Etter Vennesla arbeidde eg åtte år med bygging og reparasjonar saman med Rasmus Garborg, onkel til kona.

**8.** – Eg såg ein liten jentunge på skulen, og så vart det oss. Magni Garborg og Arne vart kjærestar og gifta seg i 1954. Dei fekk ein son. No har dei to barnebarn og fem oldebarn.

**9.** – Eg er slik på føtene no at eg må kvile middag. Det er det beste eg gjer, smiler han lurt. – Elles les eg nokre bøker i månaden, og ikkje minst må eg gjennom avisene. Eg må seie eg har hatt eit langt og godt liv.

**10.** – Å ha det godt, og det har eg. Eg kører bil enno, noko doktoren oppmuntrar meg til. Men det blir ikkje så lange turar – til Handelslaget og kanskje ein liten Bryne-tur, eller til Garborg der kona vaks opp.



**Leif Refsnes  
fødd  
18. august  
1930  
Gift med  
Marit  
f. Ueland  
bur på  
Garborg**

**1.** – Eg er fødd på Refsnes i Hå, yngst i ein søskeflokk på 12. Nummer 4 var konfirmert då eg vart døypt. Ein skikkeleg gardsunge som tynna gulrotene frå eg var fødd til eg var 17 år.

**2.** – Eg kan ikkje hugse anna enn at vi hadde det veldig godt. Og vi hadde ikkje noko å klage på i matvegen. På garden var det godt med mat.

**3.** – Vi hadde ein ganske stor gard etter dåtidas målestokk, og det var forventa at vi ungar skulle bidra. Søskena mine har fortalt at eg mjølka i fjøset før eg gjekk på skulen. Men det meste arbeidet var i gulrotåkeren og i potetene. Men vi hadde også fritid. Då sykla eller gjekk vi til Høyland (5 km) eller Nærø (7 km), der vi mellom anna spelte fotball.

**4.** – Vi var alltid opptekne med noko. Mykje av aktivitetane føregjekk ute i naturen. Om sommaren bada vi ofte i sjøen eller i Salteåna. Av og til hadde vi med oss hestar som vi bada. Vi hadde også tid til litt fotball og for min del springing, men det var nok litt seinare.

– To av søskena mine dreiv litt fiske – ikkje noko stort. Men dei fekk litt hummar og fisk som vart hengt opp til tørk. Eg kan ikkje hugse at det var det store fisket.

**5.** – Folkeskulen var på Høyland, deretter var det framhaldsskule på Nærø og eit år på Tryggheim. Då delte eg rom med Peter Tjåland.

– Ein av lærarane på Tryggheim hadde hagebruk, og det fekk eg interesse for. Då reiste eg til Bergen og gjekk på gartnarutdanninga ved Stend Landbrukskule. Deretter eitt år ved Folkvord, så til Statens hagebrukskule Dømmesmoen i Grimstad.

**6.** – Vi kunne høre bombinga på Sola godt. Fleire gonger såg vi at båtar vart bomba like utanfor Refsnes. Dei stod med baugen rett opp.

– Ein dag kom tre blaute sjømenn i land og fekk over-

natte i bua vår. Den eine hadde fått ei kule gjennom magen.

– Ein gong vart far arrestert av tyskerane fordi han gjekk i eit minefelt og sanka strandrak som dreiv inn.

**7.** – Etter utdanninga arbeidde eg 3-4 år som arbeidsformann på Brynes planteskule og anlegg i Hillevåg. I 1955 kjøpte eg gard på Garborg. Eg hadde lyst å ha noko som var mitt. Samstundes som eg dreiv med planteskule hadde vi både høns og gris.

– I 1967 kjøpte eg ein gard på Risa på 400 mål og dreiv også den. No er det ein son og familien som har garden.

– Det er ikkje så mange år sidan eg sluttar av. Då hadde eg sprunge og planta og utarbeida anlegg frå Egersund til Stavanger. I tillegg til planteskulen på Garborg vart det meir og meir anleggsarbeid med hekkar og stein i gardsrom.

**8.** – Eg trefte Marit på framhaldsskulen på Nærø, og vi har halde saman i 75 år. Vi gjekk også for presten og vart konfirmerte samstundes.

Saman har Leif og Marit fire barn, ni barnebarn og sju oldebarn.

**9.** – No blir det mykje omsorgsteneste. Eg gjer alt i huset utan vasking, men eg klarer både kokking, stelle huset og vaske klede. Eg ser at det er ganske mykje arbeid, men eg spanderer ein time eller så i ei kaffikrå på Nærø handelslag. Her møtest stort sett ein fast gjeng.

– Eg får også tid å halde kontakt med venner. Det er viktig å ta vare på vennskap.

**10.** – Det er å gjere det som er fornuftig og rett for å opprethalde livskvaliteten. Og å ta vare på Marit på best mogeleg måte. Om ho ikkje seier så mykje, så har vi eit fantastisk fellesskap. Ho er to veker heime og to veker på Bryneheimen.



**Torleiv  
Undheim  
fødd  
15. september  
1930  
Var gift  
med  
Henny  
f. Fosse,  
d. 28. april  
2020  
bur på  
Undheim**

**1.** – Eg vart fødd på garden Bakken på Årrestad, og der vaks eg opp sammen med mor og ei søster, Hjørdis. Eg har aldri møtt far. Han døydde av blodforgifting 29 år gammal. Då var mor gravid i femte månad.

**2.** – Far og mor hadde teke over ein gard på Undheim, men den vart seld før eg vart fødd, og mor flytta inn i huset på Bakken. Før eg var to år flytta vi til det nybygde huset på Flathaug der eg bur no.

– Eg har adri lidd naud. Mor sa aldri at vi var fattige. Men eg hugsar mor kjøpte eit lodd til 25 øre og vi vann eit levande lam. Det betyddde mykje. Elles hadde ho høner og strikking, og litt småarbeid.

**3.** – Ikkje som eg kan hugse.

**4.** – Vi slo ball og kjegler. Då var eg ganske spretten av meg og god i idrett. Men eg var ikkje gammal før eg måtte i arbeid – på luking. Då fekk eg tre kroner dagen.

– Men eg fann min plass på kapellet ganske tidleg. Og dei vaksne sa det var gildt du kom, Torleiv. – Eg vart teken godt imot.

**5.** – Det var gildt å gå på skule. Og eg hugsar godt at Stein og eg sykla til skulen på Tunheim. Eg har berre gode minne frå skulen og lærar

Torleiv Årrestad og lærarinne Anna Fotland.

– Etter framhaldsskulen skulle eg byrje på gymnaset, men eg vart sjuk og måtte gi opp gymnaset. I dag er eg sikker på at eg hadde bi-holebetennelse. Når det ikkje vart gymnas, tok eg ein del kurs.

**6.** – Eg hugsar godt at tyskarane kom og erobra eit område bak skulen. Det var fullt av soldatar, kanonar og vogner.

– Ingen ting av arbeidet i kapellet var hindra.

**7.** – Når det ikkje vart gymnas, spurde Aanestad, handelslagsstyraren, om eg ville ha arbeid på Handelslaget. Og der vart eg i 47 år.

– Eg minnest at eg vart kalla Presten på Flathaug – fordi eg hadde teke eit standpunkt, og alle visste kva eg stod for. Eg tenkte at eg skulle bli diakon, men NKL ville at eg skulle ta meir utdanning.

– Då eg var 18 år spurde Anna Fotland om eg ville byrje i Yngres. For meg var det viktig å få vere saman med barn og ungdom i arbeidet på kapellet. Eg kjende at eg var på rett plass. Og så vart det danna ungdomsforening ut frå Yngres-arbeidet.

– For meg var det stort å vere ein

kristen. Mitt motto vart: «Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagd folk, eit folk som Gud har vunne så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys.» (1.Pet. 2,9)

**8.** – Eg trefte Henny første gong på eit møte på Kartavoll skulehus. Då song ho saman med ei venninne. Dei song og vitna og var brennande ungdommar. Hos meg vart det tent ein gnist. Vi gifta oss 12. mai 1951, då hadde vi hatt følgje i to år. Då flytta vi inn i huset på Flathaug.

– Vi har fem barn, 17 barnebarn og 29 oldebarn, men nummer 30 er venta over nytår.

– Henny og eg har sunge saman i 70 år, mest her på Jæren, men også i andre bygder som Helleland, Sirdal og Sokndal.

**9.** – Eg kjenner at eg få kvile i frelsen. Og eg gler meg over alt det gode. Eg har mykje å vere takksam for. Sjølv om synet er sterkt svekka og eg ikkje kan lese, kan eg likevel prøve å finne gullkorna som gir meg stor glede.

**10.** – Det viktigaste i dag er: Gled deg over at namnet ditt er skrive i himmelen. Dette er NÅDE.

**1.** – Eg vart fødd på Fastabyte. Foreldra mine budde der ei stund før dei flytta til Årrestad. Far var frå Eikelandsmyrane, mor frå Tjåland. Vi var ni søskjen, eg var nummer seks.

– Far var ute på arbeid, det meste på ulike gardar.

**2.** – Eg var mykje saman med Arne på nabogarden. Vi var fødde same året. Saman med ungane frå Taksdal måtte vi engasjere oss sjølve. Ein farbror kjøpte eigendommen Søndre Nyheim, og der budde vi i mange år. På den tida var det mange som hadde tronge kår.

**3.** – Farbror bygde ei lita løe som vart påbygd. Der hadde vi tre kyr, nokre sauvar og rundt 50 høns. Dette levde vi av. Eg hugsar vi gjekk til Handelslaget med ei korg egg. Bjarne Fjermestad vog eggja på ei sekkevekt. – I det som var fritid måtte vi ut og tene nokre kroner. Ofte var det å rive ugras. Ikkje akkurat det gildaste vi gjorde.

– Men ein ting er sikkert. Vi gjekk aldri svoltne frå



**Stein Egeland**  
**fødd**  
**13. oktober**  
**Var gift med**  
**Bergit**  
**f. Ritland,**  
**d. 22. august**  
**i 2012**  
**bur på**  
**Undheim**

bordet. Eg gjekk ikkje så mykje på Søndagsskulen, likte å sove litt om morgonen. Men av og til var eg på både Søndagsskule og preika, men det var langsamt og kjedeleg for oss ungane.

– På denne tida gjekk vi annankvar dag på skulen. På fridagane måtte vi tidleg opp for å arbeide. Var det ikkje arbeid, låg eg frampå litt.

**4.** – Vi hadde ikkje faste plikter, men måtte arbeide på garden som var eit småbruk med omlag 20 mål dyrka jord.

**5.** – Eg likte ikkje å gå på skulen. Men det var bestemt at vi skulle på skule. Etter framhaldsskulen var det slutt. Då skulle vi ut i teneste. Men først gjekk vi for presten og vart konfirmerte.

**6.** – Ikkje mange dagar etter 9. april, kom flya over oss, og vi la oss inntil steingardane for å bli skjerma. Eg hugsar vi låg livredde i løa til Nils Undheim (far til Arne) medan tyskarane kørde fram store kanonar, og hestar som drog lassa. Stort sett

var det fredeleg, men ein gong sprang det folk med gevær rundt husa våre. Det var skummelt. – 7. mai fekk vi greie på at krigen var slutt. Då klatra eg opp på taket og spikra opp det norske flagget.

**7.** – Etter framhaldsskulen fekk eg arbeid hos H. Tunheim på Lende. Han hadde ein av dei flottaste gardane på Lende. Her måtte eg vere med på alt slags arbeid, og her lærte eg å mjølke for hand. Slåtten var eg med på, men også å spa grøfter.

– Også Lars Auestad på Årrestad hadde bruk for drenger. Å arbeide der likte eg godt. Men etter det vart det arbeid hos Børge Undheim, ei kort tid før militærtjeneste. Då var eg i Tysklandsbrigaden, fire månader på Madla og seks i Tyskland.

– Så var det tilbake til Børge og arbeidd i hønseriet. Eg vart sett til arbeid som eg ikkje kunne, men eg lærte.

– Frå 1955 fekk eg arbeid ved Handelslaget, og der var eg til pensjonsalderen.

**8.** – Bergit Ritland frå Hjelmeland

kom til Undheim der søstera var gift. Ho fekk arbeid på Handelslaget, og slik vart vi kjende. Vi gifta oss i 1954.

– Vi fekk sju barn, ei dotter døydde i 1995. Bergit døydde i 2012.

**9.** – Eg har det så godt eg kan ha det, køyrrer framleis bil og trivst med det. Etter to hofteoperasjonar kjem eg meg godt fram. Nokre tysdagars har eg henta Torleiv, og vi har køyrt til Bryne og hatt middag saman på Sivdamsenteret. Eg har vore mykje saman med han sidan eg vart kristen.

**10.** – Det at eg hører Jesus til. For meg betyr denne songen av Jesper Krogdal mykje. Dette er ein song som passar meg godt.

Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera,

Og leva i din frie nådepakt!

Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,  
Men bare kvila i det du har sagt.

Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,  
Men bare kvila i det du har sagt.



**Marit Refsnes,  
fødd Ueland  
30. desember  
1930  
Gift med  
Leif Refsnes  
bur på  
Garborg**

**1.** – Eg vaks opp på Nærø, på stasjonen. Vi budde på Breidablikk, på grensa mellom Bø og Motland, men vi hørde til på Motland.

– Far var elektriker og dreiv for seg sjølv. Mor var heime og stelte for oss barna og far.

– Vi er fire søskener, ein gut og tre jenter. Eg er eldst av jentene.

**2.** Mor var frå Torland, og vi var ofte på besøk der. Der var det både arbeid og leik. Eg hugsar godt vi gjekk på Søndagsskulen på Breidablikk. Men då tyskarane kom, tok dei over Breidablikk-huset. Dei tok også bedehuset.

**3.** – Vi hadde ikkje så mange faste oppgåver, men vi jentene vaska ofte opp, og vi måtte gjere litt av husarbeidet.

**4.** – Vi var ein gjeng jenter som gjekk mykje saman.

**5.** – Eg gjekk på Bø skule og seinare på Framhaldsskulen, men så vart det ikkje meir skulegang.

**6.** – Ja, eg har eit spesielt minne frå krigens dagar. Vi hadde nemleg tyskarar som budde i heimen vår. Det var ganske spesielt. Nabobygget Breidablikk var militærleir for dei tyske soldatane på Nærø.

**7.** – Eg har ikkje hatt så mykje fast arbeid utanfor garden og planteskulen, men då Leif gjekk på skule i Grimstad, hadde eg arbeid ved ein kafe. Men det vart mykje arbeid når vi flytta til Garborg. Det kunne vere ganske travelt når folk stod i kø for å handle rosentre

og andre vekstar. Då hende det ofte at eg ikkje kunne ta meg tid til pause for å ete.

– Eg hadde også ansvar for å hente egg. Over 1000 egg kvar einaste dag var litt å halde styr på. Men vi hadde dreng på garden, to ei stund. Dei hadde arbeid både i fjøset og i plantane.

**8.** – Eg møtte Leif første gongen på Framhalsskulen og der vart eg kjent med han. Då han var elev på Tryggheim, gjekk eg på sykurs på same skulen. Vi kan vel seie at begge fann kvarandre.

– Før vi gifta oss gjekk eg på Husmorskule på Sømme. Leif måtte ha ein ektefelle som var utdanna husmor.

Saman har Leif og Marit fire barn, ni barnebarn og sju oldebarn.

**9.** I dag er Marit to veker heime på Garborg og to veker på Bryneheimen. Ho treng hjelp både heime og på Bryneheimen. Det sosiale er viktig, og ho er svært glad i turar i bilen som er tilrettelagt for henne.

– Det er best å vere heime på Garborg, men eg trivst godt på Bryneheimen også. Eg synest at Leif lagar god mat frå botnen av. Det er ikkje snakk om ferdigmat.

**10.** – Det er godt å vere heime med Leif. Eg set også stor pris på besøk, særleg frå ungane og andre i familien, men også andre som kjem innom. Eg har det godt og trygt saman med Leif.

## Døypte i Undheimkyrkja

11. oktober



*Ina Elisabeth Reime*

8. november



*Maia Undheim*



*Seline Hagen Risa*



*Oliver Lonsdale Undheim*

DU SER VÅRE TANKER,  
DU HØRER VÅR BØNN,  
DU LYTTER TIL  
HJERTENES LENGSSEL.  
DU KALLER OSS, QUD,  
VED DIN ENBÅRNE SØNN,  
DU BÆRER OSS INN  
I DIN NÅDE.

SÅ LED OSS, O QUD,  
VED DIN HELLIGE ÅND,  
SOM BARN AV DITT  
HIMMELSKE RIKE!  
JA, STYR DU VÅRT LIV  
MED DIN MEKTIGE HÅND  
OG LA OSS FÅ BLI  
I DIN NÅDE.

*Vi samles til dåp i din kirke på jord, vers 2 og 4. Gerd Grønvold Sauv 1979*



# BARNAS SIDE

## Finn Stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:  
Claudia Chiaravalotti

## Finn 5 feil

Englar fortalte gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



**Gje barnebladet  
BARNAS til eit barn  
du er glad i!**

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.



**Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00**

## VITSAR

Ole var ikkje  
verdas smartaste pilot.  
Han flaug inn mot  
Gardermoen og fekk  
melding frå kontrolltårnet:  
– Meld inn høgde og  
posisjon!  
– Eg er 178 centimeter  
høg og sit heilt fremst  
i flyet, svara han.

I Molboland  
er det veldig  
strenge trafikklover  
når det gjeld sikker-  
heitsbeltet:

Første gong du blir tatt  
utan å ha på deg beltet,  
får du 1000 kroner i bot.  
Andre gong får du  
2000 kroner i bot.  
Tredje gong blir  
sikkerheitsbeltet  
inndrege.

# KALENDER våren 2021

## BABYSONG

Babysong annakvar onsdag  
kl. 10.30-11.00.  
(oddetalsveker, følgjer skuleruta)  
Stad: Undheim kyrkje  
Alder: 0 – 1 år

## OPEN BARNEHAGE

Kvar onsdag, følgjer skuleruta.  
kl. 10.00 - 12.00

## SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn. Ei samling på Supermix inneholder korøving med andakt og hobbylagning i kjellaren til slutt.  
Dato: Tysdagar i oddetalsveker  
19. januar  
2. og 16. februar  
16. mars  
13. og 27. april  
11. mai  
Tid: Kl. 17.00-18.00  
Stad: Undheim kyrkje  
Alder: Fra 4 år (f. 2016) og oppover

## OPEN KJELLAR

Klubb for gutter og jenter med aktivitetar, andakt, spill og kiosk.  
Dato: Møtes fredagar i kyrkjekjellaren  
15. januar  
5. og 26. februar  
19. mars  
9. og 30. april  
28. mai  
Tid: Kl. 19.00 – 21.00  
Stad: Undheim kyrkje  
Alder: 5. – 7. klasse

## UGLA

Gutelag med aktivitetar, turar og andakt.  
Dato: Tysdagar i partalsveker  
12. og 26. januar  
9. og 23. februar  
9. mars  
23. mars – NB! Basar i kyrkjekjellaren  
6. april  
Tid: Kl. 19.00 – 20.00  
Stad: Frammøte på Undheim skule  
Alder: 4. klasse og oppover

## DIGITAL TRUSOPPLÆRING

Me anbefalar alle å abonnere på youtube-kanalen «Den norske kyrkja i Time» og følgje Undheim kyrkje og/eller Trusopplæringa i Time og Undheim på Facebook.  
Og så håpar me sjølv sagt at de kan dele filmane med borna.

## GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

- |                     |   |
|---------------------|---|
| 6. desember         | Berre for 4-åringane m/fam  |
| 13. desember        | Songgudsteneste   |
| <b>24. desember</b> | <b>Familiegudsteneste kl. 14.00 Supermix blir med og kl 15.30. NB! Påmelding!</b> |
| 26. desember        | Høgtidsgudsteneste/nattverd   |
| 10. januar          | Besøk av byprest Øyvind Andersen. Dåp   |
| 24. januar          | Familiegudsteneste/tårnagentar. Dåp   |
| 7. februar          | Prost Lars Sigurd Tjelle blir med. Nattverd                                       |
| 21. februar         | Nattverd/dåp  |
| 7. mars             | Nattverd  |
| 21. mars            | Familiegudsteneste/1.klasse/dåp   |
| 28. mars            | Palmesundag/dåp   |
| 1. april            | Skjærtorsdag/nattverd kl. 19.00   |
| 4. april            | Høgtidsgudsteneste/dåp  |

## «LAUST OG FAST»

Onsdagar:  
20. januar  
17. februar  
24. mars  
21. april  
Tid: kl. 14.00 – 16.00  
Stad: Undheim kyrkje  
For: Pensjonistar og andre det høver for.

## HANDARBEIDSTREFF

Måndagar:  
18. januar  
22. mars  
kl. 20.00 – 22.30

## SUNDAGSSKULE

10. januar Søndagsskule  
24. januar Familiegudsteneste (Tårnagentane tek del)  
07. og 21. februar Søndagsskule  
07. mars Søndagsskule  
21. mars Familiegudsteneste (1.klassingar tek del)  
28. mars Søndagsskule  
18. april Søndagsskule  
17. mai Familiegudsteneste kl. 11.00  
Velkommen til søndagsskule kl. 11.00.  
Mogleg for store og små og først koma til gudsteneste kl. 10.30.



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

		
<b>Høiland &amp; Tveit</b> BetonEntrepreneur		
<b>Johs. Egeland &amp; Sønner as</b> Transportforretning 4342 Undheim	 <b>SOL INSPIRASJON</b> Dikt og oppmuntringer	<b>UNDHEIM HANDELSLAG</b>  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
	 <b>NILS REIME MASKIN</b> GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400	 <b>SjekkPunkt</b> BILVERKSTED <b>Lye Bil AS</b> Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 <b>NOVA</b> BEGRAVELSESBYRÅ 51 61 04 00   Hanne Brit Sandmark og Mayfrid Hersdal <a href="http://www.novabegravelse.no">www.novabegravelse.no</a>
 Byggmester Ståle N. Sikveland	<p><b>Ledig annonseplass</b> Vil du støtte Møteplassen med kr 2.000,- pr år, og få annonsa di på baksida av 4 blad årleg? Annonseinntektene betyr veldig mykke! Ta kontakt med dagleg leiar Frode Skårland tlf.: 489 97 102 e-post: frode.skarland@timekyrkja.no</p>	
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no <a href="http://www.pundheim.no">www.pundheim.no</a>	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 <a href="http://www.ahbygg.no">www.ahbygg.no</a>	 <b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig
 <b>Finn Arve Undheim</b> Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	 <b>Elektrofag Jæren</b> En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no <b>EL-PROFFEN</b>	 <b>Bryne Rør AS</b>